



REFERAT - MØTE FAU 22.MARS 2022

Dato: 22.3.22 kl 19-21

Stad: HBUS, møterom 222

Innkalla: FAU-representantar og rektor

Til stades: Øyvind Oksnes, Ingvild Midttun Kjos, Inger Johanne Lomheim, Tomas Kjørlaus, Linda K. Brunborg, Anne Therese Moen, Tonje Været, Ann Kristin Torgersen, Kurt Norheim og Hilde Holte Selland

Ikkje til stades: Monika Reime

SAK

24/21-22: Gjennomgang av referat frå førre FAU-møte.
Ingen kommentar

Gjennomgang av referat frå førre SU-møte.
Kommentar: Arbeid med å få dekkja utgifter til transport (buss) for symjing i Lustrabadet vert jobba vidare med. Dette er i samarbeid med andre skular som også må nytta buss for å kome til Lustrabadet. (I dag får ikkje skulane i Luster som har reiseveg til symjehall kompensasjon for bruk av transportmiddel til og frå.)

25/21-22: Trafikktryggleik på skulevegen

- a) Tilskot til Trafikktryggingsaktivitetar.
Planlegg søknad 1.september 2022.
Hilde tek det vidare med elevrådet. Kva ynskjer elevane?
Midlane ein skal søka om kan ikkje nytta til fysiske tiltak men til opplæring og haldningsskapande tiltak. Sjå:
https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/trafikktryggleik/trafikktrygging-saktivitetar?fbclid=IwAR26q-xjUdSXMesRI2ycillHA4bntx_RwVxKgGdTJHgUiparFuJF-Yh488Q
- b) Undersøking:
Oppfølging etter gjennomført undersøking.
FAU og SU har sendt Høyringsuttale til Kommunedelplan - Trafikktrygging for Luster kommune 2022-2034.

26/21-22: Orienteringssaker

- a) Orienteringar frå rektor.
Husmorskulebygget – informerte om status.



Uteområdet på nedsida av skulen: Kommunen jobbar med kor mykje areal som må gå til barnehagen og kva oppgraderingar ein skal gjera i forhold til arealet som skulen skal nytta vidare. Raudebana skal bli oppgradert. Ein ynskjer stenging for køyring på nedre område. Rektor og elevar har spelt inn ynskje om kva dei vil ha av aktivitetar. Elevane har spelt inn ynskje om bl.a. trampoline og hinderløype. Uteområdet ned mot vatnet: Blir bord og benker nede ved vatnet, stupetårn, rampe m.m.

Det er siste veker med studentar no. Studentar bidreg med ulike aktivitetar for matematikk-dag og snøholetur bl.a.

Dugnad: Rektor har bestilt nett ned mot vatnet. Treng å ha dugnad før 17. mai. I hovudsak kosting og fjerning av grus/sand.

Skulefotografering. Lima Foto (1., 7. og 10. klasstrinn) Dato: 9. juni

b) Orienteringar frå andre.

Luster kommune oppmoda om å ta imot 90 flyktningar i 2022.

27/21-22: Årshjul for FAU og klassekontaktar.

Linda B. og Tonje V. har laga årshjul. Forslag til årshjul vart lagt fram i møte. Linda sender ut forslaget på e-post.

Innspel til årshjulet:

- Mai: påminning om val av klassekontaktar, økonomiansvarleg og FAU-representant for neste skuleår.
- Mars: storforeldremøte

28/21-22: Prosjekt møteplass for ungdom. (Første sak på møtet, kl 19-1940)

Informasjon frå Ingrid Mork Nygård, prosjektleiar i Luster kommune:

Luster kommune fått midlar til Ung Arena – Luster. Midlane er bunde til planlegging og koordinering.

Dette er ein lågterskel møteplass for ungdom (ein i Hafslo og ein i Gaupne). Det vert jobba for oppstart haust 2022. Ein vil bruka tilgjengelege lokal på skulen etter elevar sitt ynskje fram til permanent lokale er på plass. Møteplassen vil vidareførast til ungdomsbasen i Husmorskulebygget når den vert klart (2024?).

Ein vil etter kvart jobba vidare med å auka tilbodet. Dette kan vera tilbod i forhold til psykisk helse (t.d. samtalar, føredrag).

Kva er gjort:

Ein har vore i klassane 7-10 ved Hafslo skule. Ein hadde brainstorming om kva elevane ynskjer på ein ungdomsklubb. Det er 8 elevar som er i prosjektgruppa som jobbar med møteplassen.

Vidare arbeid:

Finne samarbeidspartnarar



Samarbeid med FAU

29/21-22: Ymse.

- Val av klassekontaktar, FAU-representant og økonomiansvarleg. Det er ynskje frå FAU at dette vert utført før siste FAU-møtet dette skuleåret den 24.mai 2022. Siste first er innan 1. juni 2022, jamfør vedtektene:

*§ 4 – Val**Kvar klasse vel ein representant til FAU. Den blir valt på slutten av skuleåret innan 01.juni. Representanten sit i 2 år. Avtroppande representant har ansvar for overføring av informasjon til nyvalt representant.*

- Neste FAU-møte: saker som skal inn til årsmøte må meldast inn til dette møtet 24. mai (t. d. endringar i vedtektene).
- Parkering på gangveg Botnfeltet. FAU-leiar fylgjer dette opp.
- Foreldre ynskje at bilde av alle tilsette vert lagt ut enten på heimesida eller i Visma, for å gje namnet eit ansikt. Rektor tek saken vidare.
- Ynskje frå foreldre om at det ved foreldremøte o.l. vert informert om kva inngang som er open.

Neste møte: tysdag 24.mai 2022

Referent: Inger Johanne Lomheim